



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 27.03.2020

**Møtestad:** Elektronisk møte

**Møtetid:** 14:30 - 15:30

Elektronisk møte pga. smittesituasjonen kring Korona/Covid-19.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

**Desse møtte frå adminstrasjonen:**

Bjørnar Fjellhaug

Ketil Tjore

Liv Løvvik

Monika Kvamme

Olav Birger Andersen

Thomas Lindås

Austrheim 30. mars 2020

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
034/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
035/20	Orienteringssak

## **034/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **27.03.2020 FORMANNSKAPET**

Handsaming Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **FS - 034/20 - 27.03.2020 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **035/20: Orienteringssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### **27.03.2020 FORMANNSKAPET**

Formannskapet fekk ei orientering hovudsakleg om Korona-situasjonen, for perioden sidan førre formannskap som var torsdag 19. mars. Det vart også orientert om andre saker.

Rådmann Liv Løvvik orienterte om arbeidet som er gjort i Austrheim.

- Austrheim kommune var tidleg ute med kartlegging av mellom anna smittevernustyr, og har samla kriseleninga dagleg sidan slutten av februar. Kommunen koordinerer opp mot Fylkesmannen og Staten på smittevernmateriell, både for eigne avdelingar og privat helse som tannlege og fysioterapeutar.

- Austrheim har ordna med kapasitet på brakke hjå Equinor Mongstad, og hjå Kilstaumen Brygge AS, for isolering om det er personar i kommunen som må isolerast på grunn av smitte.

- Har fått spørsmål frå Atle Utkilen om tilrettelegging av informasjon på ulike språk, her var Austrheim tidleg ute og har lagt ut det som Folkehelseinstituttet har.

- For smittevern generelt har kommunen lagt seg på dei restriksjonane som er på statleg hald. Er ein del spørsmål frå hyttefolk, her har kommunen vist til det som ligg frå statleg hald.

Ordførar Per Lerøy (Ap):

- Det er ein person no frå Austrheim som er lagt inn på sjukehus, det kan vera forkjøling/lungebetennelse, men har også teikn som kan stemma med Korona (seinare stadfesta at det ikkje var

Korona). Opplever at organisasjonen har god kontroll, men får ein først smitte så veit ein ikkje korleis dette vil slå ut for kommunen.

Rådmann Løvvik sa vidare at denne situasjonen kan endra seg veldig raskt, om ein får smitte i kommunen. Så langt testar ein dei som har tydelege teikn på at dei kan vera smitta, eller helsepersonell som skal testast. Har ikkje mykje av smittevernustyr tilgjengeleg. Så langt er det viktig å halda avstand til kvarandre, og elles halda roen så godt ein kan. Ser at det er ein del tilsette som er engstelege, og som vil sjukemelda seg.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa at ein heldt trykket oppe i eininga, og jobbar for å halda smitten ute. Bestiller utstyr der ein kan bestilla, men er usikkert for korleis det er med levering. For det som vert bestilt sentralt, skal dette skje via Helse Sør-Øst, som fordeler ut til alle kommunar.

Helse og omsorg jobbar kontinuerleg med å planlegga korleis det skal jobbast om smitten kjem til kommunen. Har alt stengt Nordliheimen for besøk, og det er vanskeleg for enkelte av dei som bur der at ein ikkje får besøk. For psykisk utviklingshemma må ein legga til rette for aktivitet så godt ein kan, det er ikkje lett å forstå dette med isolering.

For dei tilsette ser ein på korleis alle må te seg for å unngå smitte. Alle sjukepleiarar får no ein sek i bilen med smittevernustyr, slik at dei er budde om dei må rykka ut. Treng dei hendene ein kan få innan pleie, og har opplæring på dei som vert henta inn frå andre einingar. Via Frivilligsentralen har ein i gang noko arbeid med å ringa folk som treng handlehjelp, men det kan også vera hjelp til barnefamiliar, til å gå turar med bebuarar i Vestlia.

Rådmann Liv Løvvik sa at tilsette kan få endra oppgåver på tre dagars varsel, dette er eter dei avtalar som er gjort sentralt. Jobbar med å bevisstgjera dei tilsette, med at ein må gjera innsats der kommunen treng det. Mellom anna kan det vera nødvendig å ha folk som kan ringa rundt og sjekka at ingen sit heime.

Inger Lise Brekke (H), sa at ein i Nav jobbar med kartlegging av ledige arbeidstakrar i kommunane, særleg med tanke på kven som har helsekompetanse og som er ledige. Ta kontakt med Nav i Nordhordland om ein treng slik kompetanse.

Ordførar Per Lerøy oppmoda alle til å ta ein sjekk med naboen din, om nokon treng hjelp.

Kommunalsjef service og forvalting, Thomas Lindås, sa at arbeidet fungerer godt innanfor desse einingane, teknisk/plan/bygg/Servicekontoret.

Kommunalsjef kultur og oppvekst, Bjørnar Fjellhaug, sa at kommunen har oppretta Hjartetelefonen, der det er å ringa om born/unge har behov for å snakka med nokon. Informasjon er lagt ut på heimesida.

Innan barnevernet så har ein statusmøte 1-2 dagar i veka for å ha oversikt over dei som er utsette. Har starta kartleggingar over lag og organisasjonar som taper midlar i denne situasjonen.

Morten Sognnes (H) etterlyste at ungdomsskulen brukar Teams i undervisninga - Det er viktig at læraren viser seg og gjev tilbakemeldingar til elevane.

Bjørnar Fjellhaug svarer: Det er nok ein del som brukar Teams, litt avhengig av kva læraren legg opp til.

Økonomisjef Olav Birger Andersen sa at ny økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes er på plass frå mandag 30. mars. Årsrekneskap er framleis under godkjenning. Årsmelding er under arbeid, siste frist for ferdigstilling er 31. mars klokka 23.59.

Økonomisjefen la til at han er usikker på korleis det er med skatteinntekter i 2020, i den situasjonen

som ein er oppe i no.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om skatt at skatteinntektene per mars er omrent på budsjettet, men at det er usikkert vidare.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) er lærar og orienterte kort om korleis dei jobbar på Årås. Brukar Teams, i tillegg til eigne grupper i Messenger.

Helge Dyrkolbotn (KrF) jobbar ved Austrheim vidaregåande skule, og sa at ved den vidaregåande skulen brukar ein Teams. Ser at for ein del elevar så må ein henga på ekstra, for dei som er i ferd med å snu døgnet.

Kommunalsjef kultur og oppvekst Bjørnar Fjellhaug sa vidare at ein jobbar med intervju og tilsetting av ny rektor på Kaland barne- og ungdomsskule, og i neste runde så skal det lysast ut jobb som fagleiar PPT.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det slik han ser vert gjort ein veldig god jobb i kommunen, men er usikker på korleis det vert om denne situasjonen pågår over lang tid. Om administrasjonen ser at det er behov for eit formannskapsmøte på kort varsel, så tek ein det!

Rådmann Liv Løvvik sa at ho oppfattar situasjonen slik at ein står skulder ved skulder i denne situasjonen, administrasjon og formannskap.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig at politikarane er raske med å gje innspel dersom dei opplever noko som administrasjonen må vita om, anten det er frykt eller mangel på informasjon. Så langt ser det ut for at ein har kontroll på situasjonen, men om det kjem ei omfattande smittespreiing så er det usikkert. Lerøy har elles vore i kontakt med den lokale serveringsstaden, Kilstaumen Brygge AS, og orientert dei om at eventuell drift må vera avgrensa til enkel servering.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

---

**FS - 035/20 - 27.03.2020 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.